

Informasjonsskriv

1/2024

Aktuelle fristar i 2024

Ordning	Frist	Lenke
SMIL	1. februar	Trykk her
Produksjonstilskot del 1	15. mars, endringsfrist 29.mars	Trykk her
Tiltak i beiteområde	1. april	Trykk her
UKL investeringstiltak	15. april	Trykk her
Tidleg spreieing av husdyrgjødsel	10. august (del av RMP-søknaden)	Trykk her
Spreieing av husdyrgjødsel	15. september. Må ha dispensasjon etter 15.9	Trykk her
UKL beite – og arealtilskot	15. september	Trykk her
Produksjonstilskot del 2	15. oktober, endringsfrist 29.oktober	Trykk her
RMP	15. oktober (ope frå 15.september)	Trykk her
OBB – drift av beitelag	15. november	Trykk her
Produksjonssvikt	31. oktober, hugs melding når skaden oppstår	Trykk her
Etterregistrering av opplysningar i produksjonstilskot del 2	10. januar	
Drenering av jordbruksjord	Løpande	Trykk her

(Sjå også skriv om tilskot utsendt i januar 2024 med meir utfyllande info om dei ulike ordningane.)

Produksjonstilskot del 1 2024

Produksjonstilskot er ei fellesnemning for fleire statlege tilskotsordningar for føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon. I 2023 var det til saman 335 søknadar om produksjonstilskot; 154 i Ørsta kommune og 181 i Volda kommune.

Utbetaling av produksjonstilskot og avløysartilskot for 2023 var i veke 7. Klagefrist er 3 veker etter motteke vedtaksbrev.

Søknadsfrist for del 1 er 15. mars, med endringsfrist 29. mars. Dette gjeld føretak med husdyr, med telledato 1. mars og du kan søkje om husdyrtilskot (unntak bifolk) og tilskot til økologisk husdyrproduksjon. Alle som har husdyr **må** sende inn del 1 då dyretalet legg grunnlaget for kva du får i avløysartilskot og arealtilskot i del 2. Opplysningane i levert søknad kan endrast fram til 29. mars.

OBS! Ein kan levere søknaden inntil 14 dagar etter søknadsfristen dvs. fram t.o.m. **29. mars**, men tilskotet vert redusert med kr **1.000** for kvar dag etter 15. mars. Difor – ver ute i god tid. Du kan søkje f.o.m. 1. mars. I 2023 trekte systemet kr 37.000 for sein levering, pengar som kunne vore på konto.

Meir informasjon om kven som kan søkje, rettleieing og søknadsmateriell finn du her: [PT og avløyising](#).



SMIL – med nye retningslinjer for 2024-2028

Føremålet med tilskotet er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Vi har fått tildelt ei ramme på kr 550 000 i kvar kommune i 2024. Søknadsfristen var 1. februar, men det er framleis høve til å søkje. Dersom det er pengar igjen på ramma, vert desse fordelt utover året etter kvart som søknader kjem inn. Tilskotssatsen er som før inntil 40%, men kan verte justert etter kor mange søknadar som kjem inn.

[Retningslinjer for SMIL.](#)
[Lenke til søknadsskjema.](#)



Bilde 1 Kyr på utmarksbeite. Foto: Landbrukskontoret.

Fjerning av piggråd

Som ei prøveordning i 2024 er det no opna for å søke tilskot til fjerning av piggråd gjennom SMIL-ordninga. Ein kan få tilskot til fjerning av ståande og liggande piggråd. Tilskotet i 2024 vil vere på **15 kr/meter**, uansett terreng og tilgjengelegheit, og søknaden skal innleverast som vanleg SMIL-søknad. Meir om dette står i [retningslinjene](#) og eige skriv om tilskot.

Tilskot til tiltak i beiteområde - med nye retningslinjer for 2024-2028

Ordninga gjeld for tiltak som bidreg til å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområde ved t.d. innkjøp av utstyr eller utføring av prosjekt. Det er fyrst og fremst beitelaga som kan søke på dette tilskotet. Enkeltføretak kan søke når det grunna naturgitte eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid.

Søknadsfrist er **1. april**, og vi har fått ei ramme på kr 110 000 i kvar kommune i 2024. Lag kan søkje om tilskot per dyr sleppt på utmarksbeite i minst 6 veker i ordninga OBB, organisert beitebruk. Tilskotet er kr 25,- per småfe og kr 35,- per storfe/hest. Det er mogleg å få tilskot til danning/ending av beitelag.

[Lenke til søknadsskjema.](#)
[Retningslinjer for tiltak i beiteområder](#)



Utvalde kulturlandskap (UKL)

Utvalde kulturlandskap i Hjørundfjorden og Norangsdalen har fått ei ny årleg ramme på kr 780 000. I følge lokale retningslinjer skal 60 % av dette fordelast til arealtilskot for A-områda og beitetilskot til dyr som blir sleppte på beite i UKL-området. Satsar for beitetilskot er kr 100 per sau/lam, geit/ kje og kr 500 for kvart storfe/ungdyr/hest som vert sleppte på beite innanfor UKL-området. Satsane kan justerast etter kor mange søknadar som kjem inn. 40 % av løyvinga skal gå til investeringstiltak eller enkelttiltak. Arealtilskotet i A-området er på kr 100 per dekar for skjøtsel av dyrka mark på Finnes, Skår, Hustadnes, Leknes, Maude, Stavset og Stennes.

Søknadsfristen for investeringstiltak er **15. april**.

Meir informasjon om UKL-ordninga finn du på nettsidene til [Ørsta](#) og [Volda](#) kommunar.


Tilskot til drenering

I 2023 vart tilskotssatsane for drenering heva til kr 61 per meter eller kr 4.000 per daa ved planering/omgraving/systematisk grøfting.

Tilskotsordninga vart straks meir interessant, og tal søknadar vart dobla i høve til åra før.

Hugs å søke før du tek til, og dersom du er usikker på om du rekk alt i år så får du 3 års arbeidsfrist.

[Lenke til søknadsskjema.](#)



Tilskot til avløyising ved sjukdom og fødsel

Gjeld tilskot til dekning av kostnader til avløyising ved eigen eller born sin sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon eller omsorgsovertaking, og ved dødsfall. Nytt regelverk frå 1/1-24 gir maksimal dagsats for tilskot kr 2.450,-. Du kan søke digitalt eller laste ned skjema og levere på papir. Les om ordninga og korleis søkje her: [Tilskot til avløyising ved sjukdom og fødsel - Landbruksdirektoratet](#)

Landbruksvikar

Landbruk Nordvest AS administrerer landbruksvikarordninga for vårt distrikt. Ta kontakt med dei på tlf. 46424400 om du treng avløyisar.

Bruk av gardskart

Hugs å bruk gardskarta aktivt i drifta og ved søknad om tilskot. Dersom du oppdagar feil i markslag, eller har nye areal som skal inn i karta, ta kontakt med oss tidleg på året. Har du t.d. rydda eit nytt beite så må det endrast frå t.d. skog for at det skal kome med i produksjonstilskotsøknaden. Vi må



endre kartet seinast i august. Feil og manglar i eigedomsgrenser må ein melde til kart- og oppmålingskontoret i kommunen.

Regionalt miljøprogram (RMP)

Utbetalinga for 2023 vert **14. mars**. Tilskotsbrevet kjem som regel litt før og vert tilgjengeleg i Altinn ein gong mellom 29.2 – 14.3. Du har 3 vekers klagefrist frå datoen du mottok vedtaksbrevet eller melding om at du har vedtak ligg i Altinn. Det er viktig at du les vedtaket, og eventuelt nyttar deg av klageretten.

Mange søker om - og får tilskot til tidleg spreining av husdyrgjødsel. Vi oppmodar om at de fører noteringar over spreiningane med data for dato/mengde/stad. Dokumentasjon på bruken av husdyrgjødsel kan vert kravd dersom det vert kontroll av søknaden.

Miljøprogrammet er ei samling av mange ulike tiltak. Eitt av desse er kompensasjon for å bevare trua fugleartar som storspove, åkerrikse og vipe.

Artar som hekkar i enga står i fare for å verte utrydda, då tidleg slått øydelegg hekkeplassen. Dersom du utset slåtten der reiret ligg så kan ein berge eit kull med ungar.

Tilskotet er på kr 4.000/daa. Ta kontakt om dette er aktuelt hjå deg, i god tid før slåtten, så kan vi informere meir om ordninga.



Opphavsrett: Frode Falkenberg

Gjødslingsplan

Gjødslingsplanen er verdipapiret som skal syne at drifta har balanse mellom behov og tilførsel av næring til plantane. Ved søknad om produksjonstilskot, RMP, KSL, søknad om SMIL-midlar, mv, er det spørsmål om føretaket har gjødslingsplan. Vi oppmodar alle om å sjå etter om planen er ajour og at den gjeld for 2024. Dersom det er behov for nye jordprøver så har vi utstyr for utlån.

Det er krav om årleg gjødslingsplan. For føretak som har ei enkel driftsform, liten variasjon i arealbruken eller ekstensiv driftsform, slik at gjødslingsbehovet varierer svært lite for det enskilde skifte frå år til år, kan gjødslingsplanen vare i inntil 5 år når det vert godkjent av kommunen. Ta kontakt om ditt føretak treng slik godkjenning.

Internkontroll i gjødslingssesongen

Våren og våronna nærmar seg. Gjødsellagera vert fulle og snart står utkøyringa for tur. Vi oppmodar om å ta ein internkontroll av anlegg og utstyr. Utsette punkt er tappeluker, portar, pumper, koplingar og slangar. Vi ønskjer ikkje at portar ryk. For vassdrag og gardbrukar er det lite triveleg. Eit utslepp under dei rette forholda kan gjere stor skade på alt liv i vassdrag. Dersom du har gjødselkjellarport, sjekk tilstanden på finérplatene, pakningar, ramme, mv. Utbetring av slikt utstyr kan få SMIL-tilskot!



Innovasjon Norge

I 2024 skal 70 prosent av midlane gå til mjølk- og kjøttproduksjon på storfe, samt mjølkeproduksjon på geit. 1. prioritet har omlegging til lausdrift, i tillegg til ombygging for å tilfredsstille nye krav til dyrevelferd.

Det kan gis tilskot til investeringar på sauebruk med tilstrekkeleg ressursgrunnlag, både innmark og utmark. Eksisterande produsentar har prioritet. Investeringar for å betre dyrevelferd på etablerte bruk med svineproduksjon vert prioritert.

For meir informasjon; trykk [her](#).

Forstudie/ressurskartlegging

Vurderer du å bygge om til lausdrift? Du kan få inntil kr 100.000 til forstudie og ressurskartlegging. Ein kan få dekt kostnader til avklaring, vurdering av ressursgrunnlag, kartlegging av investeringsomfang og vurdering av eksisterande bygningar. Denne ordninga har 100% tilskot!

Kontakt i Innovasjon Norge:

Anne Berit Løset

Tlf.: 99 25 44 59

E-post: anne.berit.loset@innovasjon norge.no

Skogbruk

Tilskotssatsar for skogbruket i Ørsta og Volda for 2024 er under utarbeiding. Desse vil verte lagt ut på heimesida til kommunane så snart dei er klare.

Viltkveld 28.februar

Landbrukskontoret Ørsta Volda inviterer jegerar og andre som har interesse for jakt og forvaltning i Ørsta og Volda kommunar, til viltkveld onsdag 28. februar kl. 19.00 på Aasantunet.





Møtet er ope for alle og utan påmelding. Det vert servert mat. Vel møtt!



Bilde 2 Uttak av skog på Hustadneset 2023. Foto: Peder Magnussen.



Staben ved landbrukskontoret

	<p>Liv Bente Viddal Tlf. 907 04 008 E-post: liv-bente.viddal@orsta.kommune.no Leiar for kontoret. Ho handsamar m.a. jordlovsaker og har hjorteviltforvaltninga i Ørsta, og konsesjonsaker. Registrerer eigenfråsegner om konsesjonsfridom i matrikkelen.</p>
	<p>Oddhild Kalvatn Tlf. 907 23 453 E-post: oddhild.kalvatn@orsta.kommune.no Sakshandsamar for produksjonstilskot Volda, SMIL, drenering, sjukdomsavløyising. Fakturahandsaming, infoskriv</p>
	<p>Guro Sterud Stutlien Tlf. 907 04 501 E-post: guro.sterud.stutlien@orsta.kommune.no Sakshandsamar for produksjonstilskot Ørsta, SMIL, landbruksregisteret, beitelaga, plantevern, driveplikt, Innovasjon Norge mv.</p>
	<p>Jan Endre Nesdal Tlf. 902 55 815 E-post: jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no Sakshandsamar med ansvar for UKL-ordninga, oppfølging av driveplikt og handsaming SMIL mv. Han har delar av kontortida si på Smia i Hornindal.</p>
	<p>Peder Magnussen Tlf. 452 82 680 E-post: peder.magnussen@orsta.kommune.no Skogansvarleg ved kontoret. I tillegg til alt innan skogbruk har han viltforvaltninga i Volda.</p>
	<p>Børild Skåra Tlf. 906 99 240 E-post: borild.skara@orsta.kommune.no Sakshandsamar for jordlovsaker i Volda, RMP, gardskart, Innovasjon Norge, nydyrking, driveplikt Ørsta, mjølkekvoter, mv.</p>

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta.

Besøksadresse: 3. etasje i den «gamle» delen av rådhuset.

E-postadresse: postmottak@orsta.kommune.no

Har du spørsmål så er det berre å ta kontakt!

Landbrukskontoret i Ørsta og Volda ynskjer alle ei fin tid framover!

